



## MØTEPROTOKOLL OMBODSUTVALET

**Møtedato:** 29.05.2017  
**Møtestad:** Heradshuset, Dale  
**Møtetid:** 09:00 - 12:05

### Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Evelyn Boge	SV	Utvalsleiar
Bjørn Øivind Krogsrud	AP	Nestleiar
Jan Hansen	AP	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Tom Charles Johnsen	MDG	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Hege Eide Vik	SP	Tom Charles Johnsen

### Andre møtande:

Konst. rådmann Åse Elin Myking  
Politisk sekretær Sølvi Legård

## Saksliste

SAKSNR    TITTEL

- 
- 01/2017    GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
  - 02/2017    REFERATSAKER OG MELDINGAR
  - 03/2017    POLITISK DELEGERINGSREGLEMENT
  - 04/2017    GJENNOMGANG AV REGLEMENT FOR POLITISKE UTVAL - DRØFTINGSSAK
  - 05/2017    DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR



**01/2017: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Ombudsutvalet 29.05.2017**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**OMB - sak 01/2017 Vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

---

**02/2017: REFERATSAKER OG MELDINGAR**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Referatsakene vert tatt til orientering.

**Ombudsutvalet 29.05.2017**

**Behandling:**

Ombudsutvalet ønskjer å få vere med i prosessen når det gjeld ombygging av heradsstyresalen/politisk avdeling.

**OMB - sak 02/2017 Vedtak:**

Ombudsutvalet ønskjer å få vere med i prosessen når det gjeld ombygging av heradsstyresalen/politisk avdeling.

---

**03/2017: POLITISK DELEGERINGSREGLEMENT**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Framlegg til delegeringsreglement blir vedteke slik det ligg føre



**Ombudsutvalet 29.05.2017**

**Behandling:**

Ombudsutvalet ber kommunestyret ta stode til om protokollar frå dei ulike utvala skal leggjast fram som referatsaker til kommunestyret, i samsvar med reglementet.

Samrøystes vedtak.

**OMB - sak 03/2017 Tilråding:**

Framlegg til delegeringsreglement blir vedteke slik det ligg føre.

---

**04/2017: GJENNOMGANG AV REGLEMENT FOR POLITISKE UTVAL - DRØFTINGSSAK**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Ombudsutvalet 29.05.2017**

**Behandling:**

Endringsframlegg frå Evelyn Boge:

*Forslag til endringar i Reglement for kommunestyret*

7.2 Rådmannens kvarter

*Etter open halvtime gir rådmannen ein orientering om saker og prosesser av politisk og prinsipiell karakter. Det er ikkje høve til å stilla spørsmål. Eventuelle spørsmål må avvenda til uformell spørjerunde, jf. pkt. 18.1.*

Pkt. 18.2 Interpellasjonar

*«Interpellanten og ordførar kan få ordet to gonger.» vert føreslått endra til «Interpellanten og ordførar kan få ordet tre gonger.».*

Pkt. 20.1 Grunnleggjande opplæring

*Forslag til ny 2. setning:*

*Praktisk møteavvikling må være del av den grunnleggjande opplæringa.*

Reglement for godtgjersle til folkevalde

*Rådmannen undersøker bakgrunnen for at det i pkt. C3 står kr. 135,- pr. time, og kjem med forslag til ein formulering som kan sikra at dette beløpet vert justert. Saka vert handsama i neste møte i Ombudsutvalet.*



**Røysting:**

Det vart røysta punkt for punkt:

Punkt 7.2 vart samrøystes vedteke

Punkt 18.2 vart vedteke mot 1 røyst (Jan Hansen)

Punkt 20.1 vart samrøystes vedteke

Reglement for godtgjersle vart samrøystes vedteke

**OMB - sak 04/2017 Tilråding:**

Reglement for kommunestyret vert vedteke slik det ligg føre med følgjande endringar:

7.2 Rådmannens kvarter

Etter open halvtime gir rådmannen ein orientering om saker og prosesser av politisk og prinsipiell karakter. Det er ikkje høve til å stilla spørsmål. Eventuelle spørsmål må avventa til uformell spørjerunde, jf. pkt. 18.1.

Pkt. 18.2 Interpellasjonar

«Interpellanten og ordførar kan få ordet to gonger.» vert føreslått endra til «Interpellanten og ordførar kan få ordet tre gonger.».

Pkt. 20.1 Grunnleggjande opplæring

Forslag til ny 2. setning:

Praktisk møteavvikling må være del av den grunnleggjande opplæringa.

---

**05/2017: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR**

- Streaming av kommunestyremøtene
- Bruk av IT-verktøy – evaluering/endring

**Ombudsutvalet 29.05.2017**

**Behandling:**

Streaming av kommunestyremøte - Dette vil bli tatt opp som del av saka om utbetring av heradsstyresalen.

Bruk av IT-verktøy - Rådmannen kjem tilbake med ei sak til neste møte om tilskot for kjøp av PC for kommunestyrerepresentantane. Saka må innehalda forslag til tilskotssum, kven tilskotet skal gjelda for (faste medlemmer/evt. varamedlemmer), kor tid skal tilskotet gjelda frå (inneverande periode eller frå og med neste periode)

Ombudsutvalet ønskjer at Møteportalen vert tatt i bruk av alle medlemmene i kommunestyret. Dette vert å innarbeida i reglementet. Det må og sytast for opplæring.



**Vaksdal kommune**

**OMB - sak 05/2017 Vedtak:**

Saka vert tatt til orientering.

---